



# Handballgruppa

## Styret

Postboks 42  
5282 LONEVÅG  
[osteroy@rvn.handball.no](mailto:osteroy@rvn.handball.no)

## HaFo-turnering 14.-16. Februar 2025



### Informasjon til alle barneskulane og foreldre

Den årlege HaFo-turneringa for **3. til 7. klasse** vert avvikla **helga 14. – 16. Februar i Osterøyhallen**. Arrangementet startar kl. 10:00 laurdag 15. Februar med Hafo-song og opningskamp mellom eit handballag og eit fotballag.

#### Kva er HaFo?

HaFo er ein omgang med handball og ein med fotball. Omgangane varer 6 minutt. I finalane varer omgangane 10 minutt. **Det deltek 4 spelarar inkl. målvakt på handballdelen og 4 inkludert målvakt på fotballdelen. Det kan nyttast inntil 4 innbytarar.**

Det er reine jente- og gutelag. Jenter kan vera med på gutelag dersom ein ikkje klarar å stilla jentelag. Dei yngste spelar laurdag, medan 6. og 7. klasse i utgangspunktet spelar begge dagar med finalar søndag.

Dersom nokre skular skulle ha problem med å stilla nok spelarar til enkelte lag, vil komiteen kunne vera smidige i praktiseringa av reglane for aldersinndeling særleg dersom det er få elevar på klassesteget.

#### Konsept

HaFo-konseptet byggjer på at alle kan delta uavhengig av ferdigheter. Det skal vera gøy og moro og ein positiv aktivitet med vektlegging på ballallsidigkeit.

Hafo skal vera med å bidra til å samarbeid og samhald mellom elevar – og at ein blir kjent med elevar frå andre skular på Osterøy. Osterøy IL Handball legg stor vekt på fair play – og det er premie til alle – og gratis for både deltakrar og publikum.

Det er 19. gangen HaFo vert arrangert og det er vorte kjent som eit flott arrangement som sveiser saman klassar, skular og foreldre på ein fin måte. Me ser derfor fram til turneringa, og me håpar at skulane klarar å stilla med flest mogleg lag.



# Handballgruppa

## Styret

Postboks 42  
5282 LONEVÅG  
[osteroy@rvn.handball.no](mailto:osteroy@rvn.handball.no)

### Påmelding / organisering

1. **Elevane** melder seg på ved å levera påmeldingsslippen de finn nede på arket til kontaktlærar. Ein **forelder/føresett** må skriva under på denne. **Frist – snarast og innan fredag 31. januar.**
2. **Kontaktlærarar** tek imot påmelding frå elevane og samlar desse og leverer dei vidare til klassekontakt.
3. **Klassekontaktar** skaffar lagleiar alle laga i klassen
4. **Klassekontaktar/lagleiarar** skriv inn informasjon på påmeldingsskjema (som skulen har fått) og sender påmelding av sine lag til [post@hafocup.no](mailto:post@hafocup.no) **innan torsdag 6. Februar.**  
Dette kan også kontaktlærar gjera dersom skulen / kontaktlærar synest det er greiest.
5. **Foreldra/føresette** er sjølve ansvarleg for å få elevane til Osterøyhallen. Foreldra / føresette er ansvarleg for elevane heile dagen. Det er sal av god mat i hallen denne dagen. Dei yngste spelar berre laurdag, medan 6. og 7. klasse spelar begge dagar med finalar søndag.
6. **Lagleiarar** har ansvaret for kampane og organiseringa av dette.
7. Når kampprogrammet er klart, sender **Hafo-arrangøren** dette ut til alle kontaktpersonar og til skulane. **Lagleiarar** må informera sitt lag og deira foreldre. Kampoppsettet vert og lagt ut på **nettsida til osteroyil.no – klikk på fane handball**.

Dersom det skulle vera spørsmål, ta kontakt med:

Thor-Eivind Mjelde, mobil 909 75 895, e-post [post@hafocup.no](mailto:post@hafocup.no)

**Beste helsing frå arrangørkomiteen**

Styret i Osterøy handball og styret for HaFo 2025

**klipp ut – og lever til kontaktlærar/lagleiar      Frist: fredag 31. januar**

Namn: \_\_\_\_\_ Klasse: \_\_\_\_\_  
skal vera med på HAFO-turneringa

Underskrift av forelder/føresett: \_\_\_\_\_

Eg kan evt. stilla som lagleiar: \_\_\_\_\_